

## US 73/10 Nytt studenthus

ePhortesak: 2010/1459  
Møtedag: 10. juni 2010

Saksansvarlig: ressursdirektør John B. Møst  
Informasjonsansvarlig: ressursdirektør John B. Møst

### Utgreiing.

Nytt studenthus på campus har vore planlagd i mange år, og skulle byggjast som del av prosjektet "Nytt SV-bygg". I styresak 30/10 gjekk styret inn for å utsetja SV-bygget, men heldt fast på at studenthuset skulle byggjast. Styret gav direktøren fullmakt til å iverksetja bygging med ei maksimal øvre ramme på 700 rutemeter. Studenthuset skulle eigentleg ha alle tekniske fasilitetar inne i SV-bygget som skulle stå 30 m frå studenthuset. Dette gjorde det naudsynt å revidera planane for studenthuset som no og måtte ha teknisk rom. Denne revisjonen er no ferdig, og prosjektet kan gå vidare.

Følgjande er no på plass, etter avklårande møte med Statsbygg og brukarane, det vil seia StOr:

- Studenthuset får eige teknisk rom og noko utvida areal for studentorganisasjonar, samla auke frå 491 rutemeter til 650 rutemeter
- Statsbygg har som plan å senda ut tilbodsmateriale i oktober, inngå kontrakt i november og starta bygging i desember, med sikte på å ferdigstille til semesterstart haust 2011.
- Statsbygg meiner bygget vil koste 27.5 mill, med uvisse minst 10%. Sikrare tal får vi ikkje før utpå hausten.
- Statsbygg vil ha husleigekontrakt på plass innan 01.12.10. Ut frå røynsle vil husleiga truleg ligga på 1.5 mill, korrigert for tilsegn om støtte frå kommune, fylke og universitetsfond.
- Det vil koma ein investeringskostnad til bygget, og til flytting av studentradioen til frigjorte lokale i Paviljong 9. (noverande studenthus). Storleik vil vere nærare avklåra til budsjettarbeidet for 2011.

### Framlegg til vedtak:

Styret tek saka om nytt studenthus til orientering.

Stavanger, 01.06.2010

Per Ramvi  
universitetsdirektør

John B. Møst  
ressursdirektør

### Vedlegg:

- Fem teikningar